

Marianne Fløisand  
Fløksand 77  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13648 - 20/51654


Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
24.08.2020


## Svar på førespurnad om deling av eigendom - gbnr 305/11,19 Fløksand

Alver kommune viser til din førespurnad om deling av eigedomen gbnr 305/11,19, og telefonsamtale om saka.

Kart som viser planlagt frådeling av fritidsbustad



Utsnitt frå kommunedelplanen frå Meland



Eigedomen din ligg i område som i kommunedelplanen for Meland er avsett til LNF-føremål (landbruk-, natur- og friluftsføremål), der eigedomen har status som LNF-spreidd bustad/fritidsbustad. I desse områda er det opna for å etablera ulike mindre tiltak og arealoverføring opp til 200 m<sup>2</sup>, men ikkje deling slik du planlegg.

Frådeling av fritidsbustaden på eigedomen er som følgje av det ikkje i samsvar med planen for området og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå LNF-føremålet. Den nye grunneigedomen vil også vera plassert i strid med byggegrensa mot sjø, sjå den grå stipla

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

linja på utsnitt av gjeldande plan, og vil krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon for dette forhold.

Det må i søknaden gjerast greie for tilkomst og parkering til den nye parsellen, vassforsyning og avløpsløyse, utnyttingsgrad, parsellen sin storleik og avstand mellom fritidsbustaden og nabogrense.

Dersom avstand til nabogrense er mindre enn 4,0 meter må det innhentast erklæring med samtykke frå eigar av naboeigedom, eller det må søkjast om dispensasjon frå § 29-4 i plan- og bygningslova. Når det gjeld utnyttingsgrad skal bygd areal ikkje overstiga 20 % BYA.

Vedlagt følgjer søknadsskjema for frådelling, informasjonsark om dispensasjon og kart som kan nyttast ved innsending av søknad.

Dersom du treng ytterlegare rettleiing kan du be om ein førehandskonferanse, sjå her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>. Vi gjer merksam på at førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste, som per dato vert fakturert med kr 3 300,-.

Byggesaksvakta kan svara på generelle spørsmål knytt til delingssaker.

Du finn elles meir informasjon om deling og dispensasjon på kommunen sine heimesider, sjå her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/kontakt-oss/>

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

skjema-soknad\_rekvisisjon-\_alver-til-utfylling  
18.+Dispensasjon+-+rev+desember+2017 (2)  
Kart gbnr 305-11,19

**Kopi til:**

Marianne Fløisand Fløksand 77 5918 FREKHAUG

**Mottakarar:**

Marianne Fløisand Fløksand 77 5918 FREKHAUG